



Alver kommune
plan- og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18170 - 20/77546

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
04.12.2020

Løyve etter jordlova § 12 til frådelling av tomt med påståande naust GBNR 126/3. Frivillig bruksrasjonalisering.

**Administrativt
vedtak**

Saknr: 1317/20

Vedtak :

Alver kommune gjev samtykke til deling av naustetomt med påstaande naust som ømsøkt på GBNR 126/3 med heimel i jordlova §12.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert oversendt Plan- og byggesak for vurdering av dispensasjon etter Pbl.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådelling av tomt med naust på landbrukseigedom GBNR 126/3 i Alver kommune. Frå før er det godkjent frådelling av tunet på bruket, og det er meininga at naustet skal høyra til denne bustadeigedommen.

Dette er ein del av ei frivillig bruksrasjonalisering og det ligg føre løyve etter jordlova §12 til frådelling av eksisterande tun som eigen eigedom på vilkår av at restarealet på om lag 380 dekar vert selt som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift i vedtak datert 17.12.2019 i sak 19/3238 i tidlegare Lindås kommune. Ved ein inkurie vart ikkje naustet teke med i denne saka.

Planstatus/gardskart:

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad i tidlegare Lindås kommune er definert som LNF-føremål i omsynssone friluftsliv. Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet og frå forbod mot tiltak i strandsona.

Uttale:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Før dispensasjonssøknaden kan handsamast er det bedt om uttale og eventuelt vedtak etter jordlova frå landbruksavdøinga.

Vurdering

Arealet/areala er definert som bebyggd areal i gardskart, og treng difor ikkje omdisponeringsløyve etter jordlova.

Deling etter jordlova § 12

Det følgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

I vurderinga av om det skal gjevast samtykke til deling, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova, jf. jordlova § 12 3.ledd.

Dette er ein del av ei frivillig bruksrasjonalisering og det ligg føre løyve etter jordlova § 12 til frådeling av eksisterande tun som eigen eigedom på vilkår av at restarealet på om lag 380 dekar vert selt som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift i vedtak datert 17.12.2019 i sak 19/3238 i tidlegare Lindås kommune. Ved ein inkurie vart ikkje naustet teke med i denne saka.

Bruket som har kjøpt eigedomen som tilleggsjord har allereie naust og andre naudsynte landbruksbygningar, og det vil soleis ikkje svekka arealressursane om det omsøkte naustet vert frådelt. Naustet ligg i Littlevika og resten av bruket/areala ligg om lag 400 meter vekke. Det vil ikkje medføra drifts- eller miljømessige ulemper for eigedomen at naustet vert frådelt.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga over har Alver kommune kome fram til at omsyna bak deling ikkje vert sett til side som følge av at det vert gitt løyve til deling av naustetomt med påståande naust som omsøkt på GBNR 126/3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/18170

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE
N